

## Å hesja med og utan gaffel

03.08.2016



Born og vaksne fekk ei rask innføring i hesjing i dag på festivalområde.

**Ikkje alle kan hesja, men i dag fekk alle, born og vaksne, ei rask innføring i hesjing på festivalområde. Catrine Haugland leia arbeid på ein klar og god måte. Om lag 20 born møtte fram og fekk kunnskap om noko som ikkje er eit vanleg arbeid no til dags.**



Inngangsportalen. Ståle Eik og Bjarne Lilleaas hesja med gaffel.

Borna hesja med nevane. Ståle Eik og Bjarne Lilleaas hesja med gaffel. Det skal ein viss dugleik til for å få graset til å liggja rett på strengen. Ståle hesja mykje i ungdomen. Det var eit kjedeleg og trøyttande arbeid med heile prosessen frå å laga hol med spett, setja opp stauren, få den fyrste strengen på plass før sjølve hesjinga kunne ta til. Etter at graset var berga, var det å ta ned staur og streng og få alt i hus. og lagra til neste sommar. Det var viktig at hesa var snorbein og at ho var støtta godt av med sidestaur. Med vått gras og vind hende det at hesa bles ned.

Hesja gras gjer seg godt på festivalområde,- som blikkfang, avgrensing og for å skapa rom i det store rommet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal